



Sivert og Karoline stelte i stand koseleg kafè på Fjellandsbø langfredag.

I dag inviterte tvillingane Sivert og Karoline E. Myklebust turfolket til koseleg kafè på Fjellandsbø. Dei to som er 9 år og blir 10, baud på vafler, saft og kaffi i bestaståvo i det gamle huset frå 1901. Mange sette pris på det flotte tiltaket, og stakk innom kafèen. Der fann gjestene roen og kosa seg skikkeleg.



Kafèvertane viser fram noko av pynten, ulike gamle vekter og bjøller og ein god gammal 7x50 kikkert.

Karoline og Sivert fortalde at dei lenge hadde snakka om å selja vafler med meir nede ved veien, men så vart det i huset som familien eig, på Fjellandsbø. Det var absolutt eit lukkeleg valg. Sjølv om det dei seinare åra har vorte gjort mykje restaureringsarbeid på huset, har det absolutt behalde si gamle, gode sjel. Den gamle veggklokka var på plass, tikka og gjekk, og jammen gjekk ho heilt rett. Pynten på tømmerveggene og møblane i Bestasåvo skapte den rette atmosfæren. Berre å koma inn i dette lokalet sette turfolket i ekstra god stemning. Som ekstra bonus fekk ein lukta av nysteikte vafler, god servering frå dei to blide kafèvertane.

Vi var blant dei tidlege kundane, men det var godt med folk i ståvo. Etter kvart kom fleire til, og då vi var på heimveg treffe vi fleire turfølge i duskregnet. Dei fleste hadde merka seg at det var kafè, og hadde vafler på Fjellandsbø som eit delmål med turen.

Det var tydeleg at mange sette pris på det koselege tiltaket til Sivert og Karoline.



[Bosspannet vart eit gammalt velbrukt spann til Alfa Laval mjølkemaskin.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland